

Fra: "agnes laila borgen" <agnes-lb@hotmail.com>
Sendt: tirsdag 25. juni 2024 15.45.38
Til: "NVE Høringsuttalelser" <uttalelse@nve.no>
Kopi: "post@hjelmeland.kommune.no" <post@hjelmeland.kommune.no>
Emne: Høringsuttalelse sak 20224776

Høringsuttalelse frå Agnes Laila Borgen, privatperson.

Uttalen gjeld: Søknad om konsesjon for Bøen 3 kraftverk og regulering av Kaldavatnet og Bønaråna.

Konsesjonssøkjjar har konkludert med at fordelane ved å byggje eit kraftverk ved Kaldavatnet klart oppveg ulempene med denne utbygginga. Me som har nytta denne heia i ei rekkje av generasjonar før oss, er ikkje einige i det. Slik eg ser det føl det svært mange ulemper med denne utbygginga, dersom det blir gjennomført slik søknaden er utforma. På en andre sida er det vanskeleg å sjå kva for fordelar ei slik utbygging vil kunne få for bygda og kommunen. Det er ikkje lokale interesser som står bak, kraftverket er seld ut til eit Oslo-basert selskap, Cloudberry Clean energy. Det gjer det endå vanskelegare å sjå kva bygda og innbyggjarane får att for eit så stort inngrep som denne omsøkte utbygginga inneber.

Negative konsekvensar for dei som nyttar området til rekreasjon og friluftaktivitetar.
Området rundt Kaldavatnet har i mange generasjonar vore nytta av bygdefolket til turføremål. Det er ei av dei få urørde heiområdene i nærleiken av bygda, og ei utbygging av denne heia vil vera til stor skade for alle som nyttar området til rekreasjon. Kaldavatnet er lett tilgjengeleg også for menneske som ikkje kan kome seg langt av garde til fjells og har såleis ei verd for mange menneske. Det er dessutan ikkje berre Kaldavatnet som vil miste sitt særpreg og heiane rundt, men også elva ut frå vatnet, Bønaråna vil bli sterkt påverka av at vatnet blir demma ned. Elva vil miste si verd som som ei levande elv og lyden av elva, som også er eit viktig element i bruk av heiane som rekreasjonsområde, vil forsvinna heilt. Stiane og loggbøkene som ligg langs turområda syner at dette er eit levande område som blir bruka av mange menneske. Bygging av eit kraftverk, herunder bygging av tilkomstvegar og minstevassføring i elva vil innebera eit stort inngrep i den urørde naturen som mange har glede av. På andre sida av Årdal er elvane bygd ut og heiane ber preg av dette. Det er derfor av stor verdi at det framleis er heieområde som er urørde og tilgjengelege og som kan vera det også for dei komande generasjonane.

Negative konsekvensar for naturen og for dyrelivet

I eldre tider var området rundt Kaldavatnet nytta til jakt, fangst og fiske då det er eit område rikt på fugl, dyr og fisk. Det vil utvilsamt vera til skade for natur, dyreliv og fisk dersom Kaldavatnet blir regulert med nivåskilnadar på ein meter. Dette vil skape sår i naturen og vil også få konsekvensar for det som veks i nærleiken av vatnet. I tillegg vil det få store konsekvensar for elva og for moglegheit for fisk til å kunne leva er. Urørt natur har også verd i seg sjølv, for det som veks og det som lever der, både på land og i vassdraget.

Det vil elles kome til negative konsekvensar for dei som eig hytter i området og som har innretta seg i tiltru til at området skulle halde fram med å vera slik det er. Dette har det vore grunn til å tru ut frå at området har hatt eit høgt vern og det har blitt lagt strenge restriksjonar på høve til å bygga vegar og til å gjera andre inngrep i naturen.

Oppsummering og konklusjon

Ei utbygging med tilkomstvegar, reguleringsdam, kraftverk og røyrgate vil få uopprettelege konsekvensar for ei vakker, urørt og tilgjengeleg hei, og vil vera eit tap for mange generasjonar. Dei negative konsekvensane for lokalbefolkninga og naturen vert på ingen måte utlikna eller oppvegd av at nokre få investorar vil kunne få økonomisk vinning på dette prosjektet.

Venleg helsing
Agnes Laila Borgen